

## ÅRSMELDING 2013 OG 2014

### Språkopplæring

I LNK sitt handlingsprogram heiter det at LNK skal arbeida for å styrkja språkopplæringa i kommunar og stat. LNK har ein avtale med Høgskulen i Sogn og Fjordane som har det praktiske ansvaret for gjennomføring og kvalitetssikring av alle "På saklista"-kurs. På grunn av mange uro-meldingar frå medlemene om sviktande språkkunnskapar, særleg hos nyttilsette, gjorde LNK-styret i 2010 vedtak om at alle medlemmer skal få tilbod om "På saklista"- kurset – gratis. LNK arrangerte om lag 30 "På saklista"- kurs i medlemskommunane i meldingsåra. Dette var så mange som det var rom for økonomisk. Ordninga med gratis kurs vert førd vidare så lenge dei økonomiske føresetnadane ikkje endrar seg vesentleg.

Kursheftet «På saklista – Nynorsk språk- og dokumentlære for lokalforvaltninga» kom i utvida og revidert versjon i 2005, men er no utseld frå forlaget. Forfattar og kursansvarleg Jan Olav Fretland arbeider våren 2015 med ei ny og revidert utgåve.

Med jamne mellomrom sender LNK ut språknøklar (minigrammatikkar) til kommunane. Organisasjonen får svært gode tilbakemeldingar på dette, og kjem til å følgja opp tiltaket. I 2014 kom det ut ein ny versjon av Språknøkkelene. Språknøkklane er laga av Olaf Almenningen og vert produserte og distribuerte i samarbeid med Dag og Tid. Språknøkklane er eit kommersielt produkt som Dag og Tid sel til sine lesarar, men som er gratis for medlemmer i LNK.

### Konferansar

LNK skal arbeida for å setja språkspørsmål og språkpolitikk inn i ein vidare kulturell samanheng og syna samanhengar mellom språk, identitet, kultur og samfunnsutvikling. Dette prinsippet ligg som ein raud tråd i mykje av det arbeidet LNK gjer, gjennom kurs, konferansar og gjennom reportasjar på LNK.no og dei andre nettsidene våre. I tillegg skal slike samanhengar koma fram gjennom dei prosjekta LNK vel å engasjera seg i.

I meldingsåra arrangerte LNK ein konferanse, to dagseminar og tre internseminar. Konferansen var knytt opp mot landstinget på Voss og hovudtema var nynorskens plass i Noreg i Språkåret 2013.

### Nynorsk på nett

Nynorsk på nett er viktig for LNK, og organisasjonen har i mange år hatt eit nært og godt samarbeid på dette området med strategiske medspelarar som mellom anna ABC Startsidene og Fagforbundet. I meldingsåra har organisasjonen lagt om eigen informasjonsstrategi, frå kjøp av eksterne informasjonstenester til å bruka eigne tilsette til å produsera desse tenestene.

LNK driv per i dag nettstadene LNK.no, Magasinett.no, Framtida.no, Startside.no (nynorskversjonen av katalog- og søkesida Startsidene.no) og Pirion.no. Alle desse sidene er også tilgjengelege på smarttelefonar og nettbrett.

## Framtida.no

Talet på daglege og vekentlege brukarar av Framtida.no auka også i 2013-2014. I snitt har nær 10.000 unike brukarar vore innom Framtida.no kvar veke hausten 2014. I løpet av 2014 har over 336.000 unike brukarar vore innom Framtida.no. Det er ein auke på 31.000 samanlikna med i 2013 – og ny rekord.

Tidleg i 2013 var det berre Svein Olav Langåker som jobba fulltid i Framtida.no. I tillegg var det fleire frilansarar. I juni 2013 byrja Andrea Nøttveit i full stilling som språkjournalist. I juni 2014 blei Anders Veberg tilsett i eit engasjement som journalist i 100 prosent. I tillegg har Tora Hope arbeidd i ei deltidstilling. Kvar sommar har det vore tilsett fleire sommarvikarar – og i Framtida har dessutan engasjert fleire frilansarar, kommentatorar, bokmeldarar og andre skribentar.

I løpet av 2014 har Framtida.no publisert kring 2400 artiklar. Sidan starten i september 2010 har det blitt publisert nær 8500 artiklar.

I august 2014 opna Framtida.no vestlandskontor på Stord, i lokala til lokalavisa Sunnhordland midt i Leirvik sentrum. Ved å ha kontor både i Oslo og Stord er det eit mål å dekkja endå fleire spennande saker og vera til stades der lesarane er.

Våren 2014 vart det for første gong gjennomført ei lesarundersøking på Framtida.no. 71 prosent av dei som svara på undersøkinga gav Framtida.no terningkast 5 eller 6

I september 2014 fekk Framtida.no responsiv design. Dette betyr at nettsida tilpassar seg skjermstorleiken til brukarane – noko som gjer det enklare å bruka Framtida.no på mobil. I løpet av året har talet på økter på mobiltelefon auka med 48 prosent. Til liks med imarknaden elles, vert det venta auke i talet på mobilbrukarar framover.

Porten.no og Møre kom til som nye samarbeidspartnarar i løpet av 2014. Og framleis samarbeider Framtida med lokalavisene Bømlo-Nytt, Møre-Nytt, Ryfylke, Nordhordland, Viggja, Bladet Tysnes, Tysvær Bygdeblad, Vikebladet Vestposten, Vestavind, Bø Blad, Fjuken, Grannar, Hallingdølen, Kvinnheringen, Strandbuen, Suldalsposten, Sunnhordland og Vest-Telemark Blad, i tillegg til Dag og Tid, Magasinet, Norsk Barneblad, LNK.no og studentavisene Universitas, Studvest og Dusken.no. Dette har gjeve Framtida.no tilgang på mykje godt lesestoff, samstundes som det har gjeve samarbeidspartnarane meir trafikk gjennom direkte lenker til nettavisene deira.

Fleire aviser har i tillegg vald å leggja ut ein nyhendeboke på sidene sine, slik at lesarane deira får høve til å klikka på dei siste overskriftene til Framtida.no direkte på lokalavisa si nettutgåve.

I 2013 samarbeidde Framtida.no og Nasjonalt Garborgsenter om eit prosjekt i høve stemmerettsjubileet. Kommunal- og Regionaldepartementet og Barne- og Likestillingsdepartementet gav støtte til ein artikkelserie, ein skrivekonkurranse, ein debatt på Garborgsenteret og ein debatt på Litteraturhuset i Bergen.

Framtida har samarbeidd med Magasinet om tre skrivekonkurransar i 2013 og 2014.

Framtida.no har også samarbeidd med Nynorsksenteret og Stavanger Katedralskule om bruk av nynorsk i samfunnsfag. Det har og vore to seminar på Stord og i Førde om nynorsk barne- og ungdomslitteratur, i samarbeid med Nynorsksenteret, fylkesbibliotek og Samlaget. Dei to neste seminara i denne serien vert arrangert våren 2015.

I meldingsåra har ABC Startsidene støtta drifta av Framtida med 400.000 kroner og gratis kontorlokale i Oslo – medan Landssamanslutninga av nynorsk kommunar (LNK) har løyvd 800.000 kroner. I 2014 tok Framtida.no over den redaksjonelle drifta av LNK.no.

Framtida.no har òg hatt ansvaret for eit debattprosjekt saman med åtte bibliotek i Sunnhordland i 2014. Elles har inntektene frå annonser og sal av redaksjonelt stoff til lokalaviser auka. Framtida utfører også marknadsundersøkingar og anna konsulentarbeid for nokre lokalaviser.

I 2014 har endå fleire aviser lagt ut nyhendeboxar frå Framtida.no på sidene sine. Det er og lettare for biblioteka å leggja ut siste nytt om bøker, bokmeldingar og bokquizzar frå Framtida.no på nettsidene sine. Så langt har åtte bibliotek lagt ut dette på nettsidene sine. Framtida.no har òg starta eit nyhendebrev for boknytt.

### Magasinett

LNK overtok i 2013 ansvaret for drifta av Magasinett. Nettstaden blir framleis redigert etter redaktørplakaten.

2014 var 18. driftsåret for Magasinett. Tidsskriftet blir redigert på nynorsk og har blitt oppdatert to til fem gonger i veka. Drifta av stiftinga var i 2013 sett ut til Norsk Plan, men frå 2014 tok LNK, ved redaksjonen i Framtida.no, over dette ansvaret. Svein Olav Langåker er no redaktør for Magasinett. Tanken bak overtakinga er at Framtida.no og Magasinett kan ha fordel av å samarbeida tettare redaksjonelt.

Berebjelken i Magasinett er magasindelen med originalskriven kortprosa og essays av framståande ungdomsforfattarar og journalistar. Målgruppa er i hovudsak elevar og lærarar i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen i hovudmåls-, sidemåls- og samfunnsfagundervisninga.

Magasinett fyller eit stort behov for nye og aktuelle nynorske tekstar til bruk i skulen. Nettidsskriftet er og eit nyttig verkemiddel for å nå målet i Sundvolden-erklæringa om meir engasjerande sidemålsundervisning for dei av elevane som har nynorsk som sidemål. og andre språkpolitiske føringar om å styrkja hovudmålet til nynorskelevane.

I løpet av heile 2014 hadde Magasinett over 23.200 unike brukarar og nær 61.300 sidevisingar (klikk).

Dei to første månadene i 2014 hadde Magasinett ein oppgang på over 40 prosent samanlikna med same periode året før. Men då støtta frå Utdanningsdirektoratet blei kutta med over 50 prosent – måtte det også kuttast i innhaldsproduksjonen. Dette har ført til at

nettsida ikkje kunne oppdaterast så ofte som før. For året samla sett er det difor ein nedgang på 12 prosent i talet på brukarar. Dette viser at det er behov for Magasinett.

Magasinett fekk i 2014 300.000 i tilskot frå Utdanningsdirektoratet og 100.000 kroner frå LNK – vesentleg mindre enn året før. I 2013 fekk stiftinga 615.000 i støtte frå departementet. Nedgangen har blitt forklart med fleire søkjarar og mindre pengar å fordela. Styreleiaren i Magasinett har drøfta den økonomiske stoda i eit møte med Utdanningsdirektoratet.

### Pirion

I meldingsåra kom Pirion som istikk i Fagbladet, seksjon kyrkje, kultur og oppvekst, i til saman 16 utgjevingar. Denne seksjonen av Fagbladet har eit opplag på 62 000.

Norsk Plan hadde det redaksjonelle ansvaret for bladet, og brukte egne journalistar til det redaksjonelle arbeidet i 2013. I tillegg vart det invitert fleire spaltistar til den faste kommentarspalta PitParion, for å gje spenn og ulike syn på språk, litteratur og barnekulturformidling. Dette er og med på å gjera Pirion kjend, ved at skribentar deler Pirion i egne nettverk.

Det siste året har Pirion hatt ei positiv utvikling. Talet på følgjarar på Facebook og Twitter har auka jamt og trutt, og det har kome til eit auka engasjement i form av kommentarar, innspel og tips til redaksjonen. Stadig fleire oppdagar Pirion som eit aktuelt kulturmagasin. Pirion inneheld reportasjar og nyhendeartiklar, PitParion-kommentarar og bokmeldingar. Frå 2013 har støtta til Pirion frå Utdanningsdirektoratet blitt kutta med kring 50 prosent.

Nettsida Pirion.no har i hovudsak presentert alt tilgjengeleg materiell frå bladet, i tillegg til somme bokmeldingar og aktuelle nyhendesaker. På grunn av kutt i støtta har det blitt mindre pengar til å produsera egne saker for publisering på nett, og det har heller ikkje vore midlar til å delta på arenaer som tidlegare har blitt prioriterte – som til dømes Den nynorske barnelitteraturfestivalen på Stord, Falturiltu.

Totalt var 7666 brukarar innom Pirion i 2014. Det blei ikkje målt trafikk i 2013.

Pirion har profil på Facebook og Twitter. Desse vart brukte til å bleste nyhendesaker frå nettsida og saker frå utgåvene som kom i Fagbladet. Talet på følgjarar på Facebook har auka frå kring 340 til 400 i løpet av 2014.

Det vart ikkje halde Pirionkurs i meldingsåra. Pirion har likevel nådd fram til målgruppene sine gjennom seminar i Førde og på Stord om nynorsk barne- og ungdomslitteratur.

### LNK.no

Etter nedgang i annonseinntektene i LNK-avisa og høgare portoutgifter, bestemte styret å leggja ned papiirutgåva frå nyttår 2014. Samstundes tok Framtida.no-redaksjonen over drifta av LNK.no, og det har blitt satsa meir på nettutgåva LNK.no.

Svein Olav Langåker tok over som redaktør, men både Anders Veberg og Andrea Nøttveit har bidrege med artiklar til LNK.no. I tillegg er det brukt artiklar frå NPK og fleire bidragsytarar er

inviterte til å bidra, mellom anna Jens Haugan frå Høgskolen i Hedmark, Jan Olav Fretland ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, Stord-ordførar og LNK-styremedlem Liv Kari Eskeland og Torgeir Dimmen ved Nynorsksenteret.

I mars 2014 oppretta LNK.no eit nyhendebrev som har gått ut til mange av dei tidlegare abonnentane av papiravisa. Det har vore eit stort arbeid å få tak i e-postadresser. Frå starten på 800 adresser, var det ved årsskiftet om lag 1800 abonnentar på nyhendebrevet

I 2014 har LNK auka satsinga på sosiale medium. Ved starten på året hadde LNK.no 633 følgjarar på Facebook, og ved årsslutt var talet 683. Innlegget som har nådd flest folk, har blitt sett 3.500 gonger. Snittet har vore 265.

### Språkbruksplanar

Om lag 40 kommunar har laga sin eigen språkbruksplan, dei fleste tufta på den malen LNK har lagt ut på LNK.no. Malen er laga av førsteamanuensis Jan Olav Fretland ved HiSF og er også med i kursheftet «På saklista».

Språkbruksplanar er viktige av di dei set språkspørsmål på dagsorden i kommunane og av di dei ofte plasserer ansvaret for kommunespråket hos ein etat eller avdeling. Planane fører til sikrere språkbruk hos tilsette og til ei meir medviten haldning i språkspørsmål generelt. LNK oppmodar medlemene om å arbeida språkbruksplanane inn i det overordna kommunale planverket – altså kommuneplanen.

### Verkeområde for mållova

I 2006 var 35 % av kommunane misnøgde med korleis staten praktiserer mållova. Statistikk frå 2011 viser at talet er meir nedslåande i dag. I målbruksmeldinga frå Kulturdepartementet i 2006 heiter det: «Regjeringa ventar no at alle statlege leiarar tek på seg det ansvaret dei har og gir eit klart og utvitydig signal internt i eigen organisasjon om at målbruksreglane heretter skal følgjast til punkt og prikke.» Undersøkingar og statistikk tyder likevel på at store deler av staten ignorerer mållova. Signal i stortingsmeldinga "Mål og mening" skulle tyda på at regjeringa ønskjer å ta aktive styringsgrep på dette området, men knapt noko har skjedd til no.

Nye organisasjons- og selskapsformer vert tekne i bruk i offentleg sektor og det er ei språkleg utfordring at både kommunane og staten ofte organiserer arbeidet sitt på andre måtar enn tidlegare. Både interkommunalt samarbeid og kommunale selskap kan lett bera i seg språkpolitiske utfordringar, og slik er det òg i dei nye statlege underbruka. Ikkje alle desse vert automatisk fanga opp av mållova. LNK arbeider for at formuleringar om språkbruk vert tekne med i vedtektene for kommunale selskap.

LNK arbeider og for at krav til målform skal takast med i kontraktane/konsesjonsvilkåra ved utsetjing og privatisering av kommunale oppgåver.

### Arbeid mot sentrale styresmakter og andre samarbeidspartar

Stortingsmeldinga "Mål og mening" tydeleggjer ein overordna norsk språkpolitikk. Meldinga er ambisiøs og har meir enn hundre tiltakspunkt. Diverre er skuffande få av desse punkta følgde opp i ettertid.

I "Mål og mening" ligg det føringar om at staten, mellom anna ut frå demokratisyn, tek opp att satsinga på ein «klart språk»-politikk. Dette arbeidet er no godt i gang. Språkrådet, KS og Kommunal- og moderniseringsdepartementet er og i ferd med å prøva ut eit tilsvarande arbeid i norske kommunar. Ingen nynorsk-kommunar er plukka ut til å vera med i dette prosjektet. LNK kan, i samarbeid med Høgskulen i Sogn og Fjordane, også tilby kurs i klart språk. HISF er fagleg ansvarleg for kursa, som høver godt for tilsette både i stat og kommunar.

Hausten 2014 la regjeringa ut ein ny og oppdatert nettportal – *Regjeringen.no*. Medan det var mogleg å velja nynorsk og bokmålsversjon i den gamle portalen, har den nye versjonen ikkje språkval. Regjeringa forklarar dette med at dei ønskjer både bokmål og nynorsk som likestilte språk «side om side» i portalen. Dette er eit prinsipp som LNK støttar, men så langt er det så godt som berre bokmålsinformasjon som er lagt ut. LNK arbeider for at regjeringa skal følgja opp egne intensjonar på dette området, og at portalen skiftar namn til *Regjeringa.no* som er nøytral og korrekt form på både nynorsk og bokmål.

I meldingsåra har LNK gjeve uttrykk for språkpolitiske haldningar gjennom ei rekkje høyringsfråsegner, og arbeid i fleire rådgjevande utval. Det er mellom anna laga høyringsfråsegner om læreplan for norskfaget, om Enger-utvalet sitt arbeid, om kulturløftet, om organisering av Norsk Kulturråd og om grunnlova (gjennom Nynorsk Forum).

### Språk og kommuneøkonomi

I arbeidsprogrammet til LNK står det at organisasjonen skal arbeida for at rammeoverføringane til kommunane og føringane for desse ikkje gjer språk og språkspørsmål til ein salderingspost i ein stram kommuneøkonomi. Vidare skal organisasjonen arbeida for at kommunane ikkje skal ha meirkostnader av di dei har valt nynorsk som administrasjonsspråk, eller av di dei har språkdelt parallelklassar i grunnskulen. I meldingsåra er det mellom anna arbeid med å dokumentera korleis dei statlege kompensasjonsmidlane blir fordelte på kommunar med meirutgifter som følgje av språkdelt klassar. Desse midlane er trekte ut frå rammeoverføringane til kommunane, og blir fordelte etter søknad til fylkesmannen. Det kan sjå ut som om denne praksisen, som er tufta på skjønn, fungerer noko ulikt frå fylke til fylke.

Styret har arbeid med kommunereforma og bedd regjeringa syta for at det vert teke særlege omsyn til den lokale språksituasjonen ved eventuelle kommunesamanslåingar. I språkdelt område der det vert vedteke samanslåingar, bør kommunane få «språklege omstillingsmidlar» som sikrar at ikkje nynorsk tapar på at det oppstår nye konstallasjonar.

### Læremiddelsituasjonen

LNK skal arbeida for at ein større del av materiell til bruk i kommunesektoren skal liggja føre på nynorsk. Skule og barnehage har vore prioriterte sektorar for LNK i meldingsåra.

Det er etablert eit formalisert samarbeid med Utdanningsdirektoratet der mellom anna spørsmål om læremateriell skal drøftast. LNK er representert i "Forum for nynorsk i opplæringa", saman med fleire andre organisasjonar. Diverre har forumet vore inaktivt i meldingsåra, men etter eit initiativ frå Noregs Mållag kjem arbeidet i gang att i 2015.

### Læremiddel for framandspråklege

Manglande opplæring i nynorsk for innvandrarar, er eit problem som går att i norske kommunar. Hovudutfordringa var i mange år mangel på læremiddel på nynorsk for desse

gruppene, men det handlar òg om haldningar hos lærarar og administrasjonen i vaksenopplæringa.

LNK arbeider for at læremiddel for flyktningar og innvandrarar skal verta utvikla på begge målformer. LNK er mellom anna med i ei arbeidsgruppe i VOX som arbeider med slike saker.

Dessverre er det nok framleis slik at kommunar som tilbyr bokmålsopplæring, har mykje meir å velja i når det gjeld læremiddel for innvandrarar og flyktningar, men det er viktig at det som er blitt produsert av læremiddel på nynorsk, blir teke i bruk i nynorsk kommunane. At læremiddel på nynorsk verkeleg vert nytta, er eit godt argument for meir rettferd og større valfridom. Det motsette vil vera svært øydeleggjande for arbeidet med å integrera framandspråklege, og gjera nynorsken synleg på dette området.

Dei kommunane som nyttar nynorsk som opplæringsmål, er godt nøgde, men skulle sjølv sagt hatt eit endå større utval av læremiddel som dei kunne velja i.

Nokre kommunar har opna for at dei som underviser dei framandspråklege, sjølve avgjer kva målform som skal brukast. Dette er uheldig, og LNK arbeider for at kommunar som har slik praksis, tek tilbake den politiske styringsretten på dette området.

LNK har i meldingsåra også engasjert seg i prosjektet «Arbeidsinnvandring frå EU – språklege rettar». Bakgrunnen er at fleire og fleire EU-borgarar vert tilsette i norske kommunar, utan at dei kan norsk. Med dagens system har dei heller ikkje rett på den minimumsopplæringa som andre innvandrarar får – og dette utgjer ein tryggleiksrisiko. LNK si haldning er at også EU-borgarar må få rett til gratis språkopplæring, til liks med andre framandspråklege. Regjeringspartia har ei noko anna haldning. Dei meiner det er arbeidsgjevarane si oppgåve å gje eller betala for denne opplæringa.

### Medlemskontakt og informasjon

Ei av dei store sakene for LNK i meldingsåra var utforming av ny informasjonsstrategi. Frå 2014 vart LNK-avisa lagd ned og erstatta av eit digitalt nyhendebrev. I tillegg til å informera om kva organisasjonen steller med, skal nyhendebrevet synleggjera medlemene i landsmanslutninga. Nyhendebrevet skal også skriva om organisatorisk stoff og kommentarstoff både frå eigen organisasjon og eksterne kjelder. I tillegg skal brevet presentera aktuelle nyhendesaker og magasinstoff.

Frå 2014 vart ansvaret for all informasjon i organisasjonen overført frå Filter kommunikasjon AS (tidlegare Norsk Plan AS), til eigne medarbeidarar. Dette har vore ei god løysing for LNK, men det er enno for tidleg å evaluera nyordninga.

Nettstaden LNK.no blir meir og meir brukt – og er i meldingsåra tilført større ressursar. LNK.no vert oppdatert fleire gonger per dag.

I meldingsåra har vi sett ein stor auke i bruk av sosiale medium. LNK har meir aktivitet på Twitter og Facebook enn tidlegare, og fleire følgjarar som deler og kommenterer det som skjer. Brukarane held seg framleis mest på pc, medan statistikken syner at veksten i bruk først og fremst kjem på nettbrett eller på mobil.

### **Pris for offentlig målbruk**

Styret i LNK deler ut ein pris for god offentlig målbruk annakvart år, i samband med landstinget. Prisen skal markera det positive haldningsskapande arbeidet som LNK ønskjer å driva. Prisvinnarar i 2013 vart VossaJazz.

Tidlegare prisvinnarar er Ullensvang herad, Vågå reiselivslag, Fylkesmannen i Rogaland, Fjell kommune, Sogn og Fjordane Idrettskrins, Sunnhordland Interkommunale Miljøverk (SIM), Lotteritilsynet, Arne Brimi, Odd Nordstoga, Peer Gynt-spelet, Hordaland Teater og Sogndal Fotball.

Prisen for 2015 vert delt ut under landstinget på Gol. Prisen er på kr 50 000 og eit litografi av Ludvig Eikaas.

### **Pris for årets nynorskkommune**

Frå og med 2009 vart Pris for offentlig målbruk samordna med utdelinga av Kommunal- og Moderniseringsdepartementet sin pris for årets nynorskkommune. Dagleg leiar har vore med i juryen for denne prisen sidan starten.

I 2013 gjekk prisen til Ørsta kommune, medan Radøy kommune fekk prisen i 2014. Tidlegare har kommunane Fjell, Stord, Sogn og Fjordane fylkeskommune og Seljord fått prisen.

### **FAKTA OM LNK**

#### **Skipingsmøte 1993**

Landssamanslutninga av nynorskkommunar vart skipa på Bryne i 1993.

#### **Landstinget 1995**

Landstinget 1995 vart halde i Ullensvang herad 7. til 9. juni 1995. I alt var det 95 personar til stades. 42 medlemmer var representerte.

#### **Landstinget 1997**

Landstinget 1997 vart halde i Ål 26. til 28. mai 1997 og samla i alt 89 deltakarar. 49 medlemmer var representerte.

#### **Landstinget 1999**

Landstinget 1999 vart halde i Førde 1. og 2. juni 1999. 84 deltakarar var til stades, og 44 medlemmer var representerte.

#### **Landstinget 2001**

Landstinget 2001 vart halde på Bryne 7. og 8. juni 2001. 81 deltakarar var til stades, og 37 medlemmer var representerte.

#### **Landstinget 2003**

Landstinget 2003 vart halde i Ivar Aasen-tunet i Hovdebygda 24. og 25. april. 101 deltakarar var til stades, og 41 medlemmer var representerte.

#### **Landstinget 2005**

Landstinget 2005 vart halde på Rauland i Vinje kommune 27. til 29. april. 146 deltakarar var til stades, og 43 medlemmer var representerte.

#### **Landstinget 2007**

Landstinget 2007 vart halde i Vågå kommune 27. og 28. august . 150 deltakarar var til stades, og 30 medlemmer var representerte.



### **Landstinget 2009**

Landstinget 2009 vart halde i Stryn kommune. 118 deltakarar var til stades, og 34 medlemmer var representerte.

**Landstinget 2011** vart halde på Sand i Suldal kommune og hadde om lag 130 deltakarar, 36 medlemmer var representerte.

**Landstinget 2013** vart halde på Voss i april 2013. Årsmøtet hadde 79 deltakarar og 30 medlemmer var representerte.

Landstinget 2015 vert halde på Gol 4. og 5. juni.

### **Medlemstal**

Per 31. desember 2014 hadde LNK 123 medlemmer. Av desse var:

102 kommunar

4 fylkeskommunar

17 interkommunale tiltak/regionråd

Medlemstalet er stabilt. Styret har dei siste åra prioritert minimum to veker med besøk i medlemskommunar kombinert med rekrutteringsarbeid.

### **Styret**

Etter Landstinget i 2013 har styret vore sett saman slik:

Leiar Solfrid Borge, Ullensvang herad

Nestleiar Gunnar Strøm, Volda kommune

Styremedlem Astrid Myran Aarvik

Styremedlem Hallvor Lilleslett, Gol kommune

1. vara Nils R. Sandal

2. vara Liv Kari Eskeland, Stord kommune

3. vara Kari Våge Gjuvslund, Suldal kommune

I meldingsåra hadde styret åtte møte og behandla 78 saker.

Styreleiar og nestleiar i styret har vore forhandlingsutval/arbeidsutval i LNK.

Godtgjersla til styret har dei siste åra vore knytt opp mot løn for stortingsrepresentantar. Den årvisse godtgjersla til styreleiaren er 3 % av stortingsløna, og godtgjersla til styremedlemene er 3 promille av stortingsløna per møte.

### **Økonomi**

Medlemskontingenten vert kvart år auka om lag tilsvarande konsumprisveksten.

Satsane er per 1.01 2015:

Einskildkommunar kr 7 000 per år pluss kr 1,05 per innbyggjar.

Fylkeskommunar kr 35 000 per år.

Interkommunale tiltak kr 7 900 per år.

Regionråd der minst ein av medlemene er betalande medlem i LNK, har rett til gratis medlemskap.

Medlemspengane tilsvarar om lag ein firedel av inntektene i organisasjonen. Statstilskotet vart meir enn dobla i 2009, men har seinare vore stabilt og utgjør om lag 19 % av omsetnaden. I framlegget til

Statsbudsjett for 2015 innstilte regjeringa på å stryke heile tilskotet frå kulturbudsjettet, men løysinga vart at løyvinga vart vidareført over Kommunaldepartementet sitt budsjett.

Om lag 30 % av inntektene til LNK kjem som tilskot frå økonomiske samarbeidspartnarar. Avtalane med Fagforbundet, KLP-Forsikring, Kommunalbanken og Hotell Bondeheimen vart alle reforhandla i 2012/2013/2014 og hadde i meldingsåra ein bruttoverdi på om lag 1 700 000. Ein del av dette er knytt til rabattar og overnatting, men om lag 1 500 000 er dokumenterte i rekneskapen. Frå 1. januar 2015 er Kommunalbanken ute, etter 12 år som økonomisk samarbeidspartnar, og styret arbeider for tida med å få på plass ein ny partnar.

Inntektene elles er stort sett medlemskontingent, eigeninntekter og prosjekttilskot.

I meldingsåret 2013 hadde LNK eit underskot på kr 12 589, og i 2014 hadde organisasjonen eit overskot på kr x som vert nytta til å styrkja eigenkapitalen. Økonomien i Landssamanslutninga er i dag tilfredsstillande, og likviditeten er bra.

Prosjektet Framtida hadde i 2014 eit underskot på kr 335 240, noko som vart dekkja inn av akkumulert overskot frå tidlegare driftsår.

Stiftinga Pirion hadde i fjor eit overskot på kr 16 310, medan Stiftinga Magasinett hadde eit underskot på kr 13 394.

Per-Arne Auster i Vardens Revisjonskontor har vore revisor for LNK. Frå 2015 startar Auster og andre opp Vekst Revisjon, og styret rår til at LNK følgjer med over i det nye selskapet.

### **Administrasjon**

LNK held til i Pilestredet 8 i Oslo, der organisasjonen leiger lokale hos Dag og Tid, som vi òg har eit nært kontorteknisk samarbeid med.

Vidar Høviskeland har vore dagleg leiar i LNK sidan 1. januar 1998.

Svein Olav Langåker vart tilsett som prosjektansvarleg for Framtida.no frå 1. mars 2010.

I meldingsåret var i gjennomsnitt to og eit halvt årsverk knytte til Framtida.no.

Dagleg leiar og prosjektansvarleg for Framtida.no er tilsette i 100 prosent stillingar. Rekneskapsfører, Ola Relling, er tilsett i tilsvarende 10% stilling. Jan Magne Dahle har i meldingsåra arbeidd på timebasis med norskfaglege oppgåver. Jan Magne Dahle og Arnfinn Vigrestad arbeidd på timebasis med saker som vedkjem framandspråklege.

Informasjonstenester som tidlegare vart kjøpte frå eksterne firma gjennom årskontraktar, vert frå 2014 gjort av eigne tilsette, medan storparten av drifta elles er prosjektorganisert. Kompetanse vert leigd/kjøpt inn etter behov. Styret vurderer jamleg om dette er den beste organisasjonsforma, og har seinast i styrevedtak november 2014 konkludert med at denne modellen skal førast vidare.

Alt i alt tilsvarar aktiviteten i LNK (prosjekt medrekna) om lag seks årsverk. I tillegg til det generelle politiske arbeidet er det innanfor desse årsverka oppgåver som rekneskap, annonsesal, journalistikk, kursverksemd, tilrettelegging av konferansar, framforhandling av økonomiske samarbeidsavtalar, politiske og juridiske utgreiingar innanfor spesialiserte fagfelt, administrasjon o.a.

I meldingsåra har Toyni Tobekk, Judith Sørhus Litlehamar, Astrid Eidhammer Hjelmeland, Gerhard Stoltz, Jan Olav Fretland, Tone Skjerdal, Mathias Øvsteng, Åsmund Lien, Jostein Mo, Arvid Brurok, Aud Søyland, Trygve Kvandal, Arve Tokvam, Nina Østebø, Anne Ottermo, ofl. vore med som prosjektmedarbeidarar. I tillegg kjem Andrea Nøttvedt, Anders Veberg, Tora Hope og andre spaltistar/journalistar/frilansarar som skriv for LNK-avisa, LNK.no, Framtida.no, Magasinett og Pirion.

Toyni Tobekk og Judith Litlehamar var redaktører for LNK-avisa og hadde ansvar for LNK.no fram til 1. januar 2014. Berit Krogh hadde ansvar for rekneskap og fakturering fram til 1. mars 2014.

Prosjektet Diktarvegen vart avvikla i 2013.

LNK har overteke ansvaret for drifta av Magasinett og Pirion, men stiftingane har framleis eigne (personidentiske) styre: Styre for Magasinett og Pirion har vore: Gunhild Hammeraas, Hege Myklebust og Vidar Høviskeland. Ola Relling har vore rekneskapsfører for stiftingane i meldingsåra. Frå januar 2013 fekk Svein Olav Langåker formelt redaktøransvar for Magasinett og Pirion. Ernst & Young har vore revisor for stiftingane.

### **Samarbeid**

Styret har prioritert samarbeidet med dei nærskyldte organisasjonane gjennom aktiv deltaking i samarbeidsorganet Nynorsk Forum.

LNK er medstiftar i Nynorsk kultursentrum, og legg vekt på å ha eit nært samarbeid med denne institusjonen. Styreleiar Solfrid Borge har vore LNK sin medlem i rådet i Nynorsk kultursentrum, medan nestleiar Gunnar Strøm har vore varamedlem i meldingsåra. Dagleg leiar og fleire styremedlemer har representert LNK på Dei nynorske festspela.

LNK er medstiftar i Nynorsk avissenter i Førde, saman med Firda Media og Mediebedriftenes Landsforening (MBL). Dagleg leiar representerer LNK i styret.

LNK har og hatt eit nært og godt samarbeid med ABC Startsidan i meldingsåra, særleg når det gjeld drift av Framtida.no og Startside.no.

LNK har vore til stades på landsmøta til Noregs Mållag og Landslaget for lokalaviser (LLA). Dagleg leiar har også delteke på fleire arrangement i regi av samarbeidspartnarane KLP-Forsikring, Fagforbundet og Kommunalbanken.

LNK har avtale med Høgskulen i Sogn og Fjordane om drift av kursaktiviteten i organisasjonen. LNK har ein aksje i avisa Os-og Fusaposten og 20 aksjar i Filter AS (tidlegare Norsk Plan), kvar pålydande kr 500,-. Dette har gitt oss høve til å vera til stades på generalforsamlingane i selskapa. Sidan dei fleste eksterne informasjonsoppgåvene no vert løyste internt i organisasjonen, kan aksjane i Filter AS seljast.

LNK har avtale med Dag og Tid om leige av kontorlokale og om rabatt på lysingar.

LNK har avtale med Hotell Bondeheimen i Oslo og Hotell Hordaheimen i Bergen om rabatt på overnattingar.

LNK hadde i 2013 avtale med Nina Østebø om sal av annonsar. Denne avtalen vart sagt opp med verknad frå 1. januar 2014, då LNK-avisa vart lagd ned.

LNK har i meldingsåra hatt eit nært og godt samarbeid med Landslaget for lokalaviser (LLA).

Sidan 2004 har LNK laga eit fordelskort som har vorte distribuert til alle medlemer annakvart år. Kortet gir mellom anna rett til rimelege overnattingar på Bondeheimen i Oslo og Best Western Hotell Hordaheimen i Bergen. I 2013 kom det ein ny og oppdatert versjon av dette kortet, der også forlaga Samlaget og Skald var med.

**Samrøystes vedtak:**

*«Årsmeldinga 2013–2014 vert godkjend slik ho ligg føre».*